



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

April/Mai 1976

30. årg.

### «Da ble disiplene glade, da de så Herren.»

Det hadde vært noen fryktelige dager for disiplene. Torsdag kveld ble Jesus arrestert. Allerede fredag morgen falt dommen, og innen middag var han korsfestet. Før solnedgang lå han i graven.

Å tilhøre hans nærmeste disippelkrets, var en alvorlig sak. Det undrer oss ikke at «dørene var lukket av frykt for jødene». Og gjennom disse lukkede dører, kom de villeste rykter inn til dem. Det var noen fryktelige dager og netter.

Nå var de kommet så langt som til søndag kveld. Da stod Jesus lys levende midt i mellom dem. Gjennom de lukkede dører var han kommet. Han talte til dem som før. Og for å gjøre dem helt sikre, viste han dem sine sår. Da ble disiplene glade. Nå hadde de

sin Jesus igjen. Og når han var hos dem, da kunne det komme hva komme ville. Slik er det med Jesu disipler gjennom alle tider. Blir Jesus borte for dem, da er de ulykkelige og redde som et jaget vilt. Jesus har mange slike skremte disipler som har gjemt seg innenfor lukkede dører.

Men han vet om dem.

Han kjenner deg og din indre nød, du som før hadde det så godt med din Frelser, men nå har det så ondt. I dag står han hos deg midt i din nød. Han rækker deg sine gjennomborede hender, og peker på sin gjennomstungne side.

Han vil gjøre deg til en glad disippel.

*(Fra Hallesby. Daglig fornyelse.)*

## STAT OG KYRKJE

Spørsmålet om tilhøvet mellom Stat og Kyrkje, har vore mykje framme i den seinare tid. Dette var ogso ei av dei — for ikkje å seie den store saka på Bispedømemøtet i Bergen 30.—31. mars. Mange gav uttrykk for at dei tykte saka var vanskeleg, og dei var enno ikkje kome fram til eit klårt svar. Mot slutten av møtet kom særleg eitt problem sterkt fram, nemleg: Kva er det me skal velja mellom? Statskyrkje på den eine sida, — men kva på den andre sida? Når kyrkja kastar laus frå staten, kvar står ho då? Vil det i so fall stå fram ei samla kyrkja? Og vil den kyrkja kunne virka meir misjonerande i vårt norske folk og på våre misjonsmarker?

Eit par ting var det stor einskap om. Statskyrkje eller ikkje. Kyrkje må ha fullt sjølvstyre i sine egne indre saker, og kyrkja kan ikkje ha noko innblanding av ein vedsleg stat i tolkings-spørsmål eller trus-spørsmål.

Møtet talde omlag 800 deltakarar, og mot ei røyst, stemde møtelyden for resolusjonen som fylgjer:

«Ordsiftet om stat/kyrkje-tilhøvet er innfløkt vorte millom anna avdi me ikkje har fått klare modellar å velja mellom og vega mot ein annan.

Difor vil me be om at det no vert sett ned eit representativt utval til å gjera greie for dei ulike modellane for ei eventuell omordning av Den norske kyrkja. I dette utval bør dei friviljuge organisasjonane si hovudinteresse verta representert ved deira egne folk. Utvalet bør få ei heller knapp tidsfrest av omsyn til høyringar og vidare framdriftsplanar.

Bortsett frå at utvalet bør leggja

fram skisser av mogelege kyrkjemodellar, og ta omsyn til korleis modellane vil verka på dei gamle ordningane når det gjeld offisiell kyrkje og friviljuge organisasjonar, bør det serleg arbeida med spørsmålet ut frå teologisk synsstad. Kyrkje si ordning må vera slik at ho kan leva etter Skrifti og vedkjenningi. På et slikt grunnlag kan ho skipast som statskyrkje eller fri kyrkje, men ho må i alle høve i kyrkjeleg valde organ ha endeleg avgjerd i åndelege saker. Berre slik kan kyrkja taka vare på sin eigenart og verja seg mot rang lære. Kyrkja si ordning må vera slik at ho ikkje på noko vis vert hindra i å lyda Gud.»

P.S. Det er viktig at folk som høyrer til Den Norske Kyrkja set seg godt inn i dette vanskelege spørsmålet. Ei utgreiding på vel 200 sider er heller tung å koma igjennom, men ei enklare utgreiding på 24 sider er lettare. Båe er utgjevne av Kyrkje og Undervisningsdepartementet. Denne siste kan ein tinga hjå Eide & Petersen A/S bokhandel, Dale.

### Skifte av organist for Dale og Bergsdalen

Organist Kjell Svanæs er tilsett som organist i Harstad, og kjem til å reise frå Dale ved månadsskiftet juni/juli. Organiststillingen for Dale og Bergsdalen har vore utlyst, og i det bladet går i trykken er søknadsfristen ute, og det har meldt seg 6 søkjarar. Mellom dei er organist Lars Ragnvaldsen som er vel kjend av folket her. Den nye organisten skal ta til frå 1. aug.

Petersen, Monica  
Rene, Åshild  
Svensson, Evy Susan  
Thorsen, Evy  
Thunestvedt, Wivian  
Tollefsen, Tone  
Tollefsen, Unni Tove  
Tvedt, Anne Wibeke  
Veka, Anne Grete  
Visnes, Bente  
Wägenes, Irene  
Yie, Aase Magnhild  
Øye, Unne

#### GUTAR:

Aadland, Harald  
Berg, Bjarne Olaf  
Brekke, Johnny Werner  
Fotland, Per Ove  
Helle, Bjørn  
Helle Øystein  
Gregersen, Einar  
Grenasberg, Tore  
Laastad, Helge  
Olsnes, Arnold Nils  
Pedersen, Kurt Ivar  
Samuelson, Kjell Arne  
Terjesen, Magne

#### KONFIRMANTAR I VAKSDAL

9. mai 1976

#### JENTER:

Berge, Lisbet Irene  
Bruvik, Rita Lillian  
Grenasberg, Jane  
Herfindal, Karin  
Jørgensen, Torill  
Langhelle, Karin  
Vaksdal, Siri Helen

#### GUTAR:

Amundsen, Jan  
Elholm, Bjørn Erik  
Hansen, Jan  
Haug, Jan Martin  
Herfindal, Inge Olaf

Jacobsen, Finn Arne  
Olsnes, Arne  
Skjerveggen, Lars Erik  
Tolås, Nils Kåre  
Trå, Per Roar

#### KONFIRMANTAR I EKSINGEDALEN

Nesheim 23. mai 1976

#### JENTER:

Gullbrå, Margunn

#### GUTAR:

Brørvik, Torleiv  
Fjellanger, Alvar  
Fjellanger, Jan Arne  
Nese, Arvid.

### Utval for heim og skule

Eit nytt utval for heim og skule (IKO utval) er valt på Vaksdal. Formann er no Kolbein Kolnes. Elles vart Kari Eilefsen, Margit Helle og Torgunn Knutsen med i utvalet.

Ved familiegudstjenesta den 4. april hadde dei skaffa til vele ulikt materiell for heimen som kunne tingast. Det var songbøker for dei små, plater, bibelske bildebøker o.l. Materiellet ligg nå på prestekontoret kor ein kan sjå på det og tinga det ein ynskjer. Utvalet si oppgave er elles å knyta ein betre kontakt med dei døypte i heim og skule. Kyrkja har nok ikkje makta dette slik som ho burde. Ein vonar på dette vis å vera til betre hjelp for foreldre når det gjeld den kristne oppseding som ein tek på seg ved dåpen.

**A. L. VATLE**

**DALE**

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker



## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE:

#### DALE:

Morten Sundheim, fødd 18. januar 1976, døypt 14. mars.

Lise Sæterdal, fødd 29. januar 1976, døypt 14. mars.

Tone Skaftun, fødd 1. juli 1975, døypt 14. mars 1976.

#### VAKSDAL:

John Erik Jørgensen, fødd 24. des. 1975, døypt 21. mars 1976.

Rune Faugstad, fødd 31. des. 1975, døypt 21. mars 1976.

Tom Charles Johnsen, fødd 9. febr. 1976, døypt 4. april.

Solfrid Karlsen, fødd 30. des. 1975, døypt 4. april 1976.

### VIGDE:

#### DALE:

Magne John Helle og Bente Karin Bergstø, vigde 10. april.

Marton Ruthberg Nilsen og Evy Wenke Hesjedal, vigde 10. april.

Ståle Lauritz Hol og Anne Sellevold, vigde 10. april.

#### VAKSDAL:

John Olaf Boge og Berit Olsnes, vigde 6. mars.

Idar Michal Hekland og Anne Kristine Erstad, vigde 20. mars.

#### STAMNES:

Frank Robert Aas og Ase Rita Lillevedt, vigde 7. februar.

### AVLIDNE:

#### DALE:

Konrad Rognved, fødd 28. mars 1893 døydd 3. mars 1976, gravl. 10. mars.

Einar Hjalmar Olsson, fødd 10. april 1907, døydd 13. mars 1976, gravlagd 20. mars.

Otto Fyllingslid, fødd 17. april 1925, døydd 16. mars 1976, gravl. 19. mars.

### VAKSDAL:

Øyvind Arthur Bruvik, fødd 21. juli 1922, døydd 27. febr. 1976, gravlagd i Bruvik 5. mars 1976.

### STAMNES:

Inga Nesse, fødd 11. januar 1889, døydd 28. febr. 1976, gravl. 6. mars på Eidslandet kyrkjegard.

Ragnhild Øye, fødd 3. mai 1889, døydd 9. mars 1976, gravl. 16. mars.

Johanna Jakobsen Møster, fødd 19. juli 1912, døydd 6. april 1976, gravl. 10. april, på Eidslandet kyrkjegard.

## Prostimøte

*Ungdomsheimen på Kvamskogen*

29. — 30. mai 1976.

Prostimøtet er felles for alle sokneråd i Hardanger og Voss prosti. Kwart sokneråd bør senda minst to utsendingar til møtet. Elles er alle soknerådslemer velkomne. Innbodninga går til alle prestane i prostiet, og til andre kyrkjelege tenestemenn, kristendomsleiarar i skulane og til leiarar i dei frivillige organisasjonane. Pris kr. 80,—. Innmelding til Ungdomsheimen på Kvamskogen før 25. mai.

## Formannskapet sine representantar i sokneråda:

I økonomiske saker har formannskapet ein representant med i sokneråda. Formannskapet har oppnemnd fylgjande som representantar i sokneråda for perioden 1976—1979.

Dale sokneråd Idar Soltvedt  
Vaksdal sokneråd Birger Olsnes  
Stamnes sokneråd Fritjov Dæmring  
Eksinged. sokneråd Karsten Lilletvedt  
Bergsdalen Kjell Rødland.

## Velkomen til Kyrkja

### 3. søndag etter Påske, 9. mai:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Konfirmasjon. Kollekt.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Konfirmasjon. Kollekt.

### 4. søndag etter Påske, 16. mai:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik. Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Res. .akp. Steinnes. Nattverd.

### Grunnlovstag, 17. mai:

Dale Kyrkje. Sokneprest Bjørsvik. Kollekt. Vaksdal Kyrkje. Res. kap. Steinnes.

Stamnes Kyrkje. Sokneprest Bjørsvik.

Eidslandet. Res. kap. Steinnes.

(Sjå kunngjering i lokalblada.)

### 5. søndag etter Påske, 23. mai:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes, og ein frå Samemisjonen. Offer.

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Generalsekretær Gunnar Skagestad. Offer til Santalmisjonen.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Redaktør Arthur Berg. Offer til Samemisjonen.

Eidslandet kl. 11.00. Ein frå Samemisjonen.

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Konfirmasjon. Offer.

### Kristi Himmelfartsdag, 27. mai:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

Dale Kyrkje kl. 19.00. Res. kap. Steinnes. Vitjing av Kristenrussen frå Øystese. Kollekt.

### 6. søndag etter Påske, 30. mai:

Prostimøte på Kvamskogen 29. — 30. mai. Dale Kyrkje kl. 19.30. Avskjedskonsert i Dale Kyrkje v/ Organist Svanæs og Kyrkjekoret.

Andakt.

### Pinsedag, 6. juni:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Santalmisjonen.

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste.

PÅ VEGEN TALA DEI MED KVAR-  
ANDRE OM DET SOM NYSS HADDE  
HENDT. MEDAN DEI NO GJEKK OG  
TALA OG DRYFTE DET MED KVAR-  
ANDRE KOM JESUS SJØLV INNÅT  
OG SLO FYLGJE MED DEI, MEN  
AUGO DEIRA VAR FJETRA SO DEI  
KJENDE HAN IKKJE.

(Luk. 24:14-16)

Res. kap. Steinnes. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Bergsdalen Kyrkje kl. 17.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Kirkens Nødhjelp.

### 2. Pinsedag, 7. juni:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Res. kap. Steinnes. Offer til Nordhordland Indremisjon.

Eidslandet Kapell kl. 17.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Israelsmisj.

## DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

## Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam

Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

## Hausvik og Faugstad <sup>1/2</sup>

Vaksdal

Telefon 3603.

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

*DALE, Tlf. 2421* Frå Tti  
Måndag, Tysdag, Ons-  
dag og Fredag .. 8.30 15.00  
Torsdag .. . . . 10.00 17.30

*VAKSDAL, Tlf. 3605*  
Tysdag og Fredag 8.30 15.00  
Torsdag .. . . . 10.00 17.30

*STAMNES, Tlf. 3 a*  
Måndag frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTIS  
SKOFORRETNING**

**Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN <sup>A/S</sup>**

Tlf. 2240 DALEKVAM

**RADIO — TV**

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER

**EIDE & PETERSEN <sup>A/S</sup>**

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTÅ

**Arth. og Arne Vaksdal  
HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

**Vaksdal koop. Handelslag**

**VAKSDAL**

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

Kjøp i Dykkar eigen forretning

5270 VAKSDAL

Res.kap. Magne Olav Steines